

1 Nynorsk i kvardagen

2 Arbeidsprogram for Norsk Målungdom 2010-11

3 4 **1: POLITISKE PRIORITERINGAR**

5 **1.1: Nynorsk i media**

6 Kampen for nynorsk i riksmidia er ei av dei viktigaste sakene for målrørsla. Norsk
7 Målungdom (NMU) vil i arbeidsåret gjennomføra ein nettkampanje der målet er å
8 opna for nynorsk i dei største nettavisene. Alle ledd i organisasjonen skal vera med.

9 10 **1.2: Nynorsk i kvardagen**

11 **1.2.1: Skulemål**

12 NMU skal halda fram med å levera premiss for ordskifta om læremiddel, målbyte og
13 sidemål i skulen. Me vil syta for at desse sakene handlar om kvaliteten på
14 undervisinga, snarare enn om ein er for eller mot nynorsk. Me skal òg arbeida for å
15 styrkja forskriftene til opplæringslova, mellom anna slik at ordbøker og dataprogram
16 kjem under retten til parallellutgåver. I tillegg vil me arbeida for at
17 Kunnskapsdepartementet skal spesifisera omfanget av og innhaldet i
18 sidemålsundervisinga. Me skal vidareføra målbyte- og skulemålsarbeidet som tok til i
19 førre periode.

20 **1.2.2: Integrering**

21 Innvandring står for ein stadig større del av folkeveksten i nynorskområda. NMU skal
22 arbeida for at norskopplæring i nynorsk kommunar skal bli gjeve på nynorsk og at
23 læremiddel til slik undervising kjem under retten til parallellutgåver. Me vil arbeida for
24 å handheva prinsippet om at fritak frå sidemålsundervising skal skje på grunnlag av
25 språkkunnskapar, ikkje den språklege bakgrunnen til foreldra.

26 **1.2.3: Språkpolitikk**

27 NMU vil fylgja opp arbeidet med den nye språklova og halda fram med å vera ei
28 vaktbikkje for rettane til nynorskelevar og –studentar.

29 30 **2: ORGANISASJON:**

31 **2.1: Organisasjonsbygging**

- 32 - NMU skal prioritera organisasjonsbygging høgt i perioden, slik at me oppnår fleire
33 medlemmer og sterkare lokallag. Me skal leggja vinn på å få størst mogleg
34 organisatorisk verknad ut av dei politiske tiltaka våre.
- 35 - Me skal skipa til vervekampanje og skule- og semesterstartkampanje i perioden.
- 36 - Skolering er naudsynt for at NMU også i framtida skal vera ein sterk organisasjon og
37 målpolitisk tungvektar. For å nå dette, må NMU-skulen utviklast og vera lett
38 tilgjengeleg i ulike nivå. Alle lokallag skal få tilbod om hjelp frå sentralstyret til å driva
39 stuideverksemd.
- 40 - Me skal laga ei «målhelt»-pakke til medlemmer som ynskjer å vera aktive men ikkje
41 har eit aktivt lokallag.
- 42 - Me skal ringja til alle nye medlemmer og informera om ulike måtar å delta i
43 målarbeidet på.

44 45 **2.2: Informasjonsarbeid**

- 46 - NMU skal reisa på målferder for å nå ut til skuleelevar over heile landet. For å auka
47 talet på målferder, treng vi fleire skolerte målfararar. Difor skal me halda målfararkurs
48 på minst ei tilskiping og tilby landsstyremedlemene og andre medlemmer å vera med
49 på målferder.
- 50 - Me skal i løpet av perioden leggja til rette for at medlemmene våre enklare kan spreia
51 informasjon om NMU gjennom sosiale media. Nettsidene våre skal stø opp om dette.
- 52 - Målungdom.no skal fyrst og fremst skal vera innbydande for potensielle medlemmer
53 og gje eit godt fyrsteintrykk.
- 54 - Skrivarstova skal laga og senda ut nyhendebrev på e-post minst 10 gonger i året. Me
55 bør alltid sjå e-postbrev, sosiale media og heimesida i samanheng. Målungdom.no
56 skal oppdaterast kvar veke og nynorsk.no kvar arbeidsdag.
- 57 - Me skal senda ut minst eit presseutspel i veka. Mediearbeidet bør ha som mål å
58 fanga interessa til potensielle medlemmer.
- 59 - Sentralstyret skal utforma og gje lokallaga tilgang på standard medietekstar i
60 samband med kampanjar og aksjonar.

- 61 - Bladet Motmæle skal koma ut fire gonger i perioden og bør ha ei form som særleg
62 treffer elevmedlemmene i organisasjonen.
63 - NMU skal ha tilfang for sal, og leggja til rette for at lokallaga kan laga og produsera
64 eige tilfang.

65 66 **2.3: Kurs og tilskipingar:**

- 67 - Å ha gode tilskipingar er svært viktig for organisasjonen. Det er viktig at alle
68 medlemmene kan finna ei tilskiping som passar for dei. I perioden skal NMU
69 gjennomføre haustkonferanse, vinterleir, sommarleir, studentsamling og kurs for
70 lokale aktivistar.
71 - Kurset for lokale aktivistar skal vera organisatorisk skolerande og innehalda mellom
72 anna målfarar- og medietreningskurs.

73 74 **2.4: 50-årsjubileet**

- 75 - I 2011 fyller NMU 50 år. Jubileet bør nyttast til fest og feiring, men fyrst og fremst til å
76 driva fram politiske kampar.
77 - Me skal ha ein jubileumsskrivar.
78 - Me skal gje ut eit festskrift med historiske og politiske artiklar, førebu ein
79 jubileumskonferanse og samarbeida med andre aktørar i målrørsla for å gjera jubileet
80 synleg.

81 82 **2.5: Økonomi**

- 83 - Me skal blesta tilbodet om avtalegiro for målgåver.

84 85 **2.6: Organisasjonskultur**

- 86 - NMU skal vera ein raus og inkluderande organisasjon.
87 - Me skal halda føremøte på kurs og tilskipingar.
88 - Me skal kjøpa klimakvoter for eventuelle flyreiser
89 - Me skal redusera papirbruken i løpet av perioden og velja nynorske, økologiske og
90 rettferdige produkt så sant økonomien tillet det.

91 92 **2.7: Utval**

- 93 - Strategiutvalet skal sjå og analysa aktiviteten i organisasjonen ut frå strategiske,
94 langsiktige perspektiv og halda strategipunkt på tilskipingar.
95 - Internasjonalt utval skal driva det internasjonale arbeidet til NMU og skolera
96 organisasjonen i internasjonale spørsmål.
97 - Studieutvalet skal setja i gang eit ordskifte om tufta i organisasjonen og tidleg i
98 perioden skolera organisasjonen i innhaldet i tufta.

99 100 **DISSENS**

101 **[1.3: Internasjonalt arbeid**

- 102 Det er viktig for NMU å halda fram med eit internasjonalt perspektiv på målreisinga.
103 NMU skal framleis ha eit internasjonalt utval og delta i ulike fora der relevante
104 internasjonale spørsmål blir diskutert.]

105